

# Espevær

Innspel frå grendamøte 05.04.2018

41 deltok på møtet. 7 bord med innspel



Kva er viktig for deg for at Espevær skal bli eit attraktivt nærsenter

- Oppretthalde busetnaden - ha skule og butikk. Gode rutetilbod. Leggja til rette for meir parkeringsplassar i Eidesvik eller BRU (Alternativ meir ruter f.eks. til helsepersonar begge vegar - billige ringerute)
- "Gode rutetilbod. Beredskap: Få tilbake beredskap på rutebåten. Betre oversikt over lag og organisasjonar og ansvarsområder (boss- brøyting - ruter - ungdomshus - båthamn - parkeringshus etc)
- Lage folder med informasjon
- Bedre parkeringsforhold
- Espevær er stent frå omverda etter kl 2030. Dette er eit problem hvis ein vi delta på arrangement. Ringerute eit par dagar i veka?
- Unntak frå plan- og bygningsloven (for nybygging)"
- "Oppretthalde skule
- Oppretthalde nærbutikken
- Gode vilkår for å drive næring i distriktet
- Gode kommunikasjonstilbod
- Mogleg for unge etablerarar. Boligar tomter etc.
- Forbetra parkeringsmoglegheiter i Eidesvik
- Sosiale treffpunkt og arrangement for barn og unge
- Utvida skyssruter i helg (ungdommar ynskjer å ta del i arrangement)
- Arbeidsplassar som vil skape tilflytting

- Akuttberedskapen er god, men alt som ikkje er akutt, moglegheit for pårørande å komme seg av øya etter siste skyss er ei utfordring"
- "Espevær må ha skule
- Skule -gode oppvekstvilkår for barn og unge
- Butikk
- Fleire arbeidsplassar på Espevær
- God kommunikasjon
- Beredskap - akutt - helikopter - samfunnsberedskap
- Moglegheit for ungdom og andre for å kjøpe hus/bygge
- Infrastruktur - breiband - stadsuavhengige arbeidsplassar
- Gode moglegheiter for å bu heime som gamle/eldre - lengst mogleg
- Heimesjukepleietilbod som fungerer med båtutetilgang
- Viktig å ha bil på Espevær for at fastbuande og tilreisande i alle aldrar skal kunna komma seg rund og for eit fungerande næringsliv (ringetilbil - taxi)
- Espevær har ungdommar som ønskjer å bu på Espevær (alder 25)
- Desse ungdommane har gått på vidaregåande skular er/har vore lærlingar/fagskular/høgskulestudentar. Når dei er ferdige ønskjer dei seg tilbake
- Ønskjer nærleik til skule - viktig med skule på Espevær. Mange spør om vi har barnehage/skule på Espevær når dei vurderer å flytte til Espevær.
- Alternativ oppvekstsenter med barnehage og skule (kombinert)
- Attraktive tomter: Tomter med sjøeigedom (unntak frå 150 m-regel)"
- "Butikk, skule, pub, kommunikasjon, parkeringsplassar
- Tilgjengelege tomter (attraktive) med moglegheit for båt plass
- Unntak frå 150m-regelen"
- "Skule
- Butikk
- Parkeringsplassar i Eidesvik
- Godt kommunikasjonstilbod både til Eidesvik og vidare til kommunesenteret og Haugesund
- Arbeidsplassar
- Konkret forslag: Bedre tid mellom ferge frå Buavåg og avgang skyssbåt"
- "Bedre kommunikasjon!
- Espevær må utviklast i samarbeid med kommune og fylkeskommune.
- Fylkeskommunen i dag alt for negativ og kan betraktast som ein bremsekloss, meir enn ein gasspedal"

#### Kva eigenskapar og evner og engasjement har du som du kan bidra med?

- Historieforteljar og omvisar i Humrapark og Baadehus
- "God ambassadør
- Optimist
- Hjelpsom
- Dugnadsånd"
- Bidragsyter til å få ting til å skje i form av arrangement, arbeidsplass verdiskapning
- "Planlegge/organisere
- Legge til rette/arrangere samankomstar
- Dugnad
- Snakka positivt om Espevær - marknadsføring"
- "Dugnad

- Kontaktnett ut over Espevær
- Brann, helse
- Arrangement for barn og unge (eks påskeskirenn og sommarkonsert)"
- "Framsnakke Espevær som ein unik plass
- Vera aktive og positive bebuarar
- Delta på det som skjer
- Støtte dei som vil få til noko"
- Møte opp og engasjere oss

#### Kva kan du gjera for å få andre til å bli med på å utvikle grenda

- Støtta opp om dei med initiativ og nye/gode prosjekt. T.d. Gamleposten - slippet - sommarkafeen
- Engasjere meg. Snakke positivt om plassen. Få med andre. Støtta dei som vil starta opp ting.
- "Vera med på å inspirere andre
- Vera engasjert sjølv
- Bidra
- Framsnakke nærmiljø, sambygdingar og felles prosjekt
- Invitere med
- Anerkjenne og benytte kompetanse til dei rundt oss
- Lytte til innspel
- Inkludere"
- "Snakka positivt om Espevær - plassen og folk
- Gi positive tilbakemeldingar og backe opp andre sine idear og bidrag"
- "Vera positiv
- Bidra i pågåande prosjekt
- Framsnakke Espevær
- Få lokalpolitikarar og næringsliv med på laget
- Bruke kommunale ressursar. Bruke kontaktnettet vårt"
- "Nye idear
- Framsnakke Espevær"
- "Oppsøkande verksemd og få alle med.
- Overtalelse og engasjement"

#### Kva er viktig for deg for at Bømlo skal bli ein attraktiv stad?

- Oppretthalda busettinga på bygdene
- "God infrastruktur
- Ta vare på utkantane
- Fleire arbeidsplassar
- God kommunikasjon"
- "At me har ein kommuneadministrasjon og kommunepolitikarar som tek innbyggjarane på alvor
- At kommunen ikkje sentraliserer grendaskulane
- Levande kulturmiljø, idrettsmiljø
- Gode kommunikasjonsmoglegheiter for alle delar av kommunen. Siste kollektivtilbod i 17-tida sørover er ikkje tilfredstillande
- Gode vilkår for gründer/næringsverksemd
- Levande kommunesenter/handelsstad

- Arbeidsplassar som gjer det mogleg for ungdom å flytte heim/bli verande i kommunen"
- "Må sjå kommunen Bømlo som ein heilheit
- Me kan gjera oss nytte av dei ulike tilboda i kommunen t.d. Bygdatunet, kulturhuset, Moster Amfi - må kunne reise heim med rutegående båt etter arrangement
- Viktig at Bømlo er ein eigen kommune med servicetilbod
- Desentralisert eldreomsorg"
- "Vidaregåande skuler. Gode barne/ungdomsskuler
- Gode stabile rammevilkår for næringslivet
- Tilrettelegge for gründerverksemd
- Offentleg kommunikasjon
- God sjukeheimsdekning
- Gode kulturopplevingar
- Gode vilkår for lag og organisasjonar
- Gi dispensasjonar frå 150m-regelen for strandsone
- Gi oss moglegheit til å kunne delta på lik linje med andre innbyggjarar i kommunen på sosiale tilstelningar (auke åpningstida på rutetilbodet)"
- Desentralisere meir aktivitetar og beslutningar til fleire delar av kommunen
- Ved å vera aktive på Espevær og gjera kommunen kjent må vera viktig for Bømlo

Matrise med oppfølging av innspel i 2017 og 2018

<b>Innspel EGU kan følge opp i lag med innbyggjarane</b>	<b>Innspel til kommuneplanarbeidet</b>	<b>Innspel innan Helse til leiinga helse</b>	<b>Innspel innan skule OKI</b>	<b>Innspel trafikkisikring kommunen/SVV</b>	<b>Innspel kollektiv - Skyss</b>	<b>Innspel næringsliv</b>
Sandvolleyballbane Treningstilbod t.d. Yoga	Fleire parkeringsplassar i Eidesvik	Meir omsorgstilbod på Espevær	Utvikle leikeområde ved skulen	Fleire parkeringsplassar i Eidesvik	Endring/forbetring av rutetilbod på skyssbåt - helg	Ha butikk
Møteplass for ungdom «meir» fredagsklubb  Få fleire til å flytte hit Sette opp dugnadslister	Fleire turløyper  Beredskap, få tilbake beredskapen på rutebåten  Moglegheit for båt plass unnatak for 150 meters regel		Ha skule		Alternativ meir ruter t.d. helsepersonell begge vegar – billigare «ringerute»  Betre tid mellom ferje frå buavåg og til avgang skyssbåt	Viktig å ha bil på Espevær for at fastbuande og tilreisande i alle alder skal kunne komme seg rundt, og for eit fungerande næringsliv (ringe til bil/taxi).
Organisere «mottak» av turistar med vegleiing og informasjon	Oppretthalde busetnaden Unnatak for plan og bygningsloven (for nybygg)				Ringerute eit par dagar i veka	
Betre oversikt over lag og organisasjonar og ansvarsområder (boss, brøytting, ruter, ungdomshus, båthavn, parkeringshus ect.)	Infrastruktur – breiband				Utvida skyssruter i helg (ungdommar ynskjer å ta del i arrangement) t.d. ungdomsklubb fredag. Siste båt går 21.15 og klubben varer til 2330.	

## Tiltak i Trafikksikringsplanen 2020-24

Trafikksikringsplanen vart vedteke i juni 2020. Under er alle strakstiltak, langsiktige tiltak, tiltak utan prioritering og veglys:

Ingen tiltak for Espevær